



## Saksframlegg

### Dagsturhytta framdrift vår 2026

Utval	Utvallsak	Møtedato
Kommunestyret		

#### Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

#### Dokument i saka:

Kommunestyresak 68/25 og 75/25

#### Bakgrunn for saka:

Telemark fylkeskommune starta arbeidet med etablering av dagsturhytter i Telemark hausten 2024. Målet er at alle kommunar i Telemark skal ha sett opp ei attraktiv dagsturhytte innan utgangen av 2026, og at hyttene skal brukast som turmål for alle innbyggjarar. Det skal ikkje byggjast nye hytter, men nyttast eksisterande bygg som løer, naust og uthus, som skal setjast i stand til føremålet. Telemark fylkeskommune har i si vurdering lagt vekt på at det, i eit berekraftperspektiv, er viktig å bruke eksisterande bygg – gjerne med kulturhistorisk verdi.

I Fyresdal vedtok kommunestyret (sak 2024/2123), samrøystes, å melde seg som deltakar i Telemark Fylkeskommune sitt Dagsturhytte prosjekt.

Kommunestyret fekk i sak 68/25 ei orientering om framdrift, med framlegg til plassering i Birtedalen ved Plasslistøylen. Dette vedtaket blei annullert i kommunestyresak 75/25, då det viste seg at formalia ikkje var på plass med eigar av tiltenkt bygg.

Det blei munnleg i møtet frå kommunestyremedlem bedt om utgreiing om fleire alternativ. Administrasjonen har derfor gjort ei ny vurdering av innspel som kom frå medverknadmøtet i mars 2025. I møtet kom det innspel plassering i Kilegrend, Stykkjevika, Skredvatn, Sentrum og Birtedalen.

Tidlegare vurderingar er oppsummert nedanfor og med unntak av Kilegrend er vurderingane fortsatt gjeldande;

- Skredvatn ligg delvis i Tokke og gjer det dermed meir kompleks å arbeide vidare med.
- I sentrum av Fyresdal er det få reelle alternativ, delvis grunna kravet om avstand (30 min) og delvis grunna egne areal.
- Vi har og hatt dialog med Kilegrend grendelag, som ikkje er uinteressert men det kjem heller ingen konkrete forslag til plassering eller eksisterande bygg.

Stykkjevika kan vere eit aktuelt område for plassering av dagsturhytte. Stykkjevika er eit populært område, både for villcamping, rekreasjonsområde for lokale og for arrangement som Troll Rally.

Vi hadde møte med interessegrupper i Birtedalen, både grunneigarar og Sti og løypelaget, og i dette møtet var det både vilje og evne til å finne eigna bygg og tomt til plassering av ei dagsturhytte. Dette resulterte i konkrete framlegg om plassering på Plasslistøyleen i Birtedalen, framlegget som blei annullert.

Mars 2026 gjennomførte vi ein befaring og eit møte med Kilegrend Grendelag for å sjå på moglegheitar der. Vi ser vi har utfordringar med å finne eigna stader som oppfyller kriterier når det gjeld eigna stad, tilkomst og bygg.

Dersom vi skal sette opp ein Dagsturhytta må vi sjølv eige bygget, men vi kan ha ei langtids leige på grunn (30 år).

### **Finansiering av Dagsturhytter:**

Litt avhengig av kva stad og bygg ein landar på, er det tenkt følgjande finansiering i dagsturhytteprosjektet:

Dagstur hytta, inkluderer:

- Tilpassingar av hus til Dagsturhyttebruk ( men **ikkje kjøp** av bygg)
- Tilrettelegging av grunn
- Eventuell flytting av bygg (viss ikkje det blir for dyrt)
- Eventuell restaurering
- Tilpassing av dagsturhytte konseptet inne og ute

Delvis finansiert av spelemidlar og tilskot frå fylkeskommune og momskompensasjon. Dersom eventuelt flytting og rehabilitering av bygg blir for kostbart, og total kostnad overstig ein 1,2 millionar kroner (inkl. mva), må Fyresdal kommune koste det sjølv.

### **Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Næring og arbeidsplassar, Samfunnsutvikling, kultur og frivillige samt strategi for Oppvekst og utdanning.*

- Strategi for Næring og arbeidsplassar - med tiltak å stimulere til utvikling av eksisterande destinasjonar er særst relevant for plassering av dagsturhytte.
- Strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige – med tiltaka ;
  - Legge til rette for å skape gode bustadar og nærmiljø
  - Ta vare på kulturarven
  - Legge til rette for aktivitet i alle aldersgrupper som gjev tilbod til fleire generasjonar samtidig
  - Legge til rette for møteplassar
- Strategi for oppvekst og utdanning med tiltaka
  - Aktivt bruke naturen som opplæringsarena

I tillegg har vi sett til vedtatt plan for kulturbygg idrett og friluftsliv som famnar om blant anna desse tiltaka;

- Fleire møteplassar for uorganisert aktivitet
- Styrke arbeidet i frivillige lag og organisasjonar
- Friluftsliv for alle der Birtedalen står nemnd som eit område for utvikling av aktivitet og skiområde.

I tillegg har vi sett på kriteria som er sett av Fylkeskommunen. Det er ikkje tenkt at ein skal oppfylle alle, men nokon, så blir det ei samla vurdering om dette er mogleg. Det er Telemark fylkeskommune som endeleg skal godkjenne prosjektet.

## **KRITERIUM VAL AV BYGG - DAGSTURHYTTENE I TELEMARK**

### **TILKOMST**

Maks. 30min køyretur frå sentrum til turstartpunkt  
Turstartpunkt har parkering til min. 4 bilar  
Kan tilkomst til startpunkt skje til fots, sykkel, kollektiv?  
Minimum 30 og maksimum 60min gåtur til hytta  
Etablert sti fram til hytta? Behov for eventuelle tiltak?  
Tilgjengelig sti fram til hytta? Behov for eventuelle tiltak

### **TOMT**

Kvalitetar i nærmiljø / landskap (fjern/nærutsikt, vegetasjonstypar, vatn, bekk etc.)  
Kulturhistorisk verdi på tomt eller tilgrensande område (kulturlandskap)  
Kartlagt eventuelle naturtypar / raudlista artar på tomta  
Informasjon om byggets historie og tidlegare bruk  
Avklart vernestatus på bygg  
Avklart avtale med grunneigar  
Behov for eventuell sikring mot ras, flaum, fallproblematikk  
Behov for terrengbearbeiding / skjøtsel på tomta (hogging av tre etc.)  
Moglegheit for enkel opparbeiding for utvendige benk og bord (ca. 20m<sup>2</sup>)  
Moglegheit for etablering av frittliggjande utedo (ca. 5m<sup>2</sup>)

### **BYGG**

Tilstandsvurdering og oppmåling av bygg er gjennomført  
Innvendig gjennomsnittleg himlingshøgde min. 2,2m målt frå eks. /nytt golv  
Min. innvendig areal eksisterande bygg 20-25m<sup>2</sup>

### **BYGGJEPROSESS**

Biltilkomst til tomt i samband med transport av materiale / utstyr  
Behov for andre transportmiddel i samband med transport av materialer / utstyr  
Behov for større maskiner i samband med byggjeprosess (f.eks gravemaskin, traktor etc.)

Administrasjonen ser no for seg tre moglege område for plassering av Dagsturhytte;

- Stykkjevika
- Birtedalen ved Birtevatn rundt
- Kilegrend ved Øynuten rund

### **Stykkjevika**

Plassering: Plassering, ved øst eller vestbredden av sjølve stranda  
Grunneigar: Vi eig grunnen sjølv  
Bygg: Der står eit gammalt bygg. Dersom det er tilgjengeleg og mogleg å flytte, kan ein vurdere å nytte dette.

Parkering og avstand frå parkering:

- Frå parkering ved gamle Joker til vestenden av Stykkjevika i: ca 1.78 km.
- Frå Ved Flyplassen til vestenden av Stykkjevika: ca 1,2 km
- Kan og ha parkering ved Skytebanen, då blir det ingen gåtur.

Dersom ein ynskjer Dagsturhytte lokalisert i Stykkjevika, må ein nøye vurdere kor plassering skal vere. Så langt ser ein for seg ytterkant av sjølve stranda. Her kan vi fort få ein problematikk rundt villcamping, toalettutfordringar, rekreasjon for industriarbeidarar og andre events, t.d. Trollrally.

Den største utfordringa er at vi ikkje har ein god besøkstrategi for Stykkjevika, dette bør vere på plass før ein eventuelt legg ei dagsturhytte der.

## **Birtedalen ved Nuttjønn**

Plassering: Ved Nutstøyl/Nuttjønn ved Birtevant rundt.

Grunneigar: Olav Kvipt

Bygg: Olav Kvipt har tilgang på tømmer og har ei tømmerhytte kommunen kan få for å sette opp som dagsturhytte.

Det er ynskjeleg å setje den opp på tuftene på Nutstøyl, men som ein kopi av den fyrste butikken i Fyresdal, «Snippenstøga» etter Kjetil Snippen (Storleiken er 25 kvadrat uten vindfang og omlag 30 med.

Huset er ferdig plukka ned og merka, og ligg lagra på Kvipt.

Parkering og avstand frå parkering:

- Parkering Birte, til Nuttjønn 2,8 km, godt opparbeida turveg
- Parkering Bjåneset til Nuttjønn 2,4, ikkje fullt så godt opparbeida, men OK turveg

## **Kilegrend:**

Plassering: Ved Bjorhylen ved turløypa Øynuten rundt

Grunneigar: Tore Lotsberg

Bygg: Uavklart, vi har ikkje tilgjengeleg hus, vi har vore i kontakt med Kilegrend grendelag og grunneigarar, og har fått nokre framlegg. Desse har vore vurdert men huseigarar har etter vurderingar avslått sal av bygg til kommunen.

Parkering og avstand frå parkering:

- Frå startpunkt ved Grendehuset og turløypa Øynuten mot sørøst rundt 4 km
- Frå startpunkt ved Grendehuset og turløypa Øynuten rundt mot nordvest 1,2 km.

Positivt at det er nær eksisterande turveg og at Trollholene er i nærheten. Turen må gå frå Grendehuset i Kilegrend. I Kilegrend er har grunneigar sjølv kome med framlegg til plassering av dagsturhytte, ved eksisterande bade-/fiskeplass ved Bjorhylen.

## **Generelt om val av bygg:**

Arbeidet med å finne både eigna lokasjon og bygg er krevjande på bakgrunn av kriteria som ligg til grunn for vurderingane i prosjektet.

Det ser så langt ut til å vere vanskeleg å finne eigna bygg på same stad som det kan vere relevant å ha ei dagsturhytte. Det vil seie at i alle framlegga vi har hatt/og har til no, vil vi måtte flytte bygg.

Fylkeskommunen sin arkitekt sei pr. dags dato at ingen av bygga er ideelle, og at vi trenger meir informasjon om bygga sin tilstand for å kunne sei om det er mogleg å flytte, evt. kva det vil koste.

Det er òg ei utfordring at flytting av bygg kan bli så kostnadskrevjande at tilskotet frå fylkeskommunen ikkje vil dekke alle utgiftene. Dette kan føre til at Fyresdal kommune må bidra med vesentleg meir eigenfinansiering. Per i dag veit vi ikkje om kostnadene vil overstige rammene, og det krev tid og ressursar å greie dette ut utan at kommunestyret først har teke stilling til om dei ønskjer å gå vidare med den aktuelle lokaliseringa.

Det er allereie no lagt ned betydelege ressursar på å finne eigna stad og bygg som fyller kriteria. Vi ser at når vi jobbar med prosjektet er det tidkrevjande, og utfordrande å vurdere kor mykje tid ein skal legge i kvart framlegg, for så å forkaste fordi det ikkje fyller kriteria eller kommunestyret ønskjer anna lokasjon.

Det beste for vidare arbeid med Dagsturhytta må vere å vele ut nokre ynskja område å ha Dagsturhytta i, gjerne i prioritert rekkefølge. Utfordringa kan då bli at det kanskje kan kome framlegg om andre område som og kan vere relevante. Dette kan løysast ved

at kommunestyret gir administrasjonen fullmakt til å jobbe med løysingar dei tenker er gode og berekraftige.

Alternativt kan ein avslutte Dagsturhytteprosjektet. Det er mykje som skjer i Fyresdal no, og det er mange prosjekt som må/bør løysast på kort tid; til dømes treningssenter, rullepark, ridebane, ridehall og badstoge/friluftsbad. Dette i tillegg til Dagsturhytteprosjektet. Dersom ein vel å ikkje gjennomføre Dagsturhytteprosjektet no, vil det vere mogleg å realisere det på eigna stad seinare.

Historisk sett er Fyresdal i eit paradigmeskifte og kommunen vil få endra økonomiske føresetnader på sikt, og vil ha økonomisk kraft til å sette opp Dagsturhytte på eit seinare tidspunkt dersom det skulle vere ynskjeleg. Det vil og kunne delfinansierast med spelemidlar, men utan finansiering frå stiftingar og hjelp og tilrettelegging frå fylkeskommunen

Ein vil på sikt og ha betre grunnlag for å vurdere alternativet med dagsturhytte i Stykkjevika, når det er avklart kva ein ynskjer å bruke dette området til.

### **Konklusjon:**

Det er krevjande å finne eigna stad og bygg til dagsturhytteprosjektet i Fyresdal.

Etter seiste sak i kommunestyret, var det ynskjeleg å greie ut om fleire alternativ enn Birtedalen. Det er sidan då gjennomført nye moglegheitar for innspel. Administrasjonen sit no med framlegg til tre moglege lokasjonar, og treng fullmakt til å jobbe vidare med desse, gjerne i prioritert rekkefylgje. For å sikre kontinuitet i arbeidet bør ein i tillegg ha fullmakt til å jobbe med nye innspel, dersom det skulle by seg andre attraktive alternativ.

I tillegg bør kommunestyre vurdere om det er rett tid for bruk av ressursar til dette prosjektet no, når det er så mange prosjekt som må løysast på kort sikt.

### **Innstilling frå kommunedirektøren:**

Innstillinga kjem med to alternativ.

#### **Alternativ 1 – Framdrift dagsturhytteprosjektet**

##### **Framlegg til vedtak**

1. Fyresdal kommune går vidare med dagsturhytteprosjektet, og at det blir arbeidd vidare med etablering av dagsturhytte.
2. Framlegg til mogleg lokalisering er i prioritert rekkefylgje:

##### **Kilegrend, Birtedalen og Stykkjevika.**

Dersom det kjem andre gode alternativ fram undervegs i prosessen, har administrasjonen fullmakt til å jobbe vidare med dette.

3. Prosjektet blir gjennomført innanfor dei økonomiske rammene som tidlegare er skissert, og at det blir inngått nødvendige avtalar om grunn, drift og vedlikehald.
4. Kommunestyret får ferdig konsept på eitt framlegg til dagsturhytte til handsaming når prosjektet er ferdig planlagt og budsjettert.

#### **Alternativ 2 – Avslutte arbeidet med dagsturhytteprosjektet**

Fyresdal kommune avsluttar arbeidet med dagsturhytteprosjektet. Bakgrunnen er ei samla vurdering av økonomi, kapasitet, prioriteringar og nytteverdi. Det er ikkje ynskjeleg å prioritere no i forhold til øvrige behov og strategiske satsingar.

Ved å avslutte prosjektet frigjer kommunen ressursar som kan nyttast til andre tiltak innan friluftsliv, nærmiljø og folkehelse, der ein kan oppnå større effekt for fleire innbyggjarar.

**Framlegg til vedtak:**

1. Fyresdal kommune avsluttar arbeidet med dagsturhytteprosjektet.
2. Eventuelle pågåande avklaringar, avtaler eller førebuingar knytt til prosjektet blir avvikla.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur